



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Arbeids- og sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
14/2410

Vår ref.
14/3302 - TJU

Dato
19.06.2014

Høring - forslag til forskrift om forebyggings- og tilretteleggingstilskot for tilsette i verksemder som har inngått samarbeidsavtale om et meir inkluderande arbeidsliv

Vi viser til Arbeids- og sosialdepartementets brev 2. juni 2014.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknadar:

Vi kan ikkje sjå at det er behov for ein eigen paragraf der det berre blir sagt kven som er målgruppa for tilskotsordninga, i tillegg til ei føresegn om føremålet (§ 1) og føresegna i § 3 om kven som kan få tilskot. Vi nemner at «*Reglement for økonomistyring i staten*» ikkje krev nokon slik paragraf som er foreslått i § 2. Vi tilrår difor at § 2 i utkastet blir teke ut av forskrifta.

Overskrifta i utkastet § 3 seier ikkje kva føresegna går ut på. Denne overskrifta bør i staden vera «*Hvem tilskudd kan ytes for*» eller liknande.

Utkastet til § 5 byggjer på at tilskot berre blir gjeve etter søknad. Dette bør koma tydeleg til uttrykk i forskrifta, til dømes slik at det går fram i det som i utkastet er §§ 3 og 4 at tilskot kan ytast «*etter søknad*», eller at dette blir sagt tydeleg innleiingsvis i den føresegna som i utkastet er § 5.


Det er uklart for oss kva som er det rettslege grunnlaget for å avskjere klagerett, slik det er gjort i forskriftsutkastet § 7.

Det bør generelt ikkje brukast skråstrek i ein forskriftstekst, og parentes bør òg

brukt i minst mogleg grad. Setningane der slike teikn er brukte bør såleis omformulerast.

Med vennleg helsing


Harald Aass
fagdirektør


Toril Juul
seniorrådgjevar